

Etnedal kulturskule har som mål å vera eit resurssenter i bygda, fyrst og fremst som eit tilbod til born og unge frå 1. klasse og oppover. Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar. I kulturskulen får elevane undervisning i ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom kreativ læring og oppleving, og dei kan oppdage og utforske nye sider ved seg sjølv. Kulturskulen ynskjer å formidle verdien i opplæring på kulturfeltet som kunstforståing og ei dannelsesreise for den enkelte elev. Og me likar å danse og spela konsertar og vise fram kunst!

Undervisninga følgjer skuleruta og skjer på skulen i eigne lokale enkeltvis eller i grupper fortrinnsvis etter skuletid måndag, tysdag og torsdag. Tidspunkt for timane blir avtala med kulturskulen ved starten av skuleåret. Lengda på undervisninga kan variere etter elevens behov og etter gruppestørrelse. Noko av undervisninga blir også gitt i form av seminar og fellessamlingar. Me har felles lærarar med fleire av våre nabokommunar, noko som opnar for samarbeid over kommunegrensene.

Påmeldingsfrist til kulturskulen er i april kvart år, og me tek berre i mot påmeldingar på nettet. Treng du hjelp til dette, ta kontakt med servicekontoret i Etnedal kommune.

NB! Elevar som alt har ein plass i kulturskulen, treng ikkje å registrere seg på nytt.



Velkommen til eit kreativt og levande miljø!




Kontaktperson i kulturskulen

Lars Erik Haugerud (rektor)
lars.erik.haugerud@etnedal.kommune.no

Tlf:47632825



“Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar!”



**ETNEDAL
KULTURSKULE**

Skuleåret 2025-26

Elevkontingent pr semester

Individuell song- og instrumentundervisning 1680,-
Individuell song- og instrumentopplæringsstilbud, voksne
3360,- Kunstfag inkl. materiell 1150,- Dans 1100,- Band
1050,- Kulturskulekor 1050,- Småtrølltreff på Fagernes
600,- Utvida speletime 500,-

Instrumentutleige

Kulturskulen har nokre instrument til utleige: langeleik, hardingfele, fiolin, toradar og xylofon. Pris for leige er kr 420,- pr semester.

Hvem underviser?

Lars Erik Haugerud (*Bruflat musikklag*)

Julianna Okstad (*fiolin*)

Arne Nygård (*gitar, bassgitar, ukulele, band, popsong, slagverk*)

Sergio Okstad (*piano, keyboard, kyrkjeorgel*)

Solfrid Olmhus (*stepping, langeleik*)

Lars Erik Haugerud (*kunsthag*)

Tore Espeset (*Toradar*)

Evnt vikar (*dans*)

Dirigent (*Bruflat sangkor*)

Ved stor søkning til enkelte instrument og tilbud, kan eleven bli satt på ei venteliste. Dersom det er ledige elevplassar, opnar me for at voksne kan melde seg som elevar, men då til dobbel pris.

Undervisningstilbod 2025-26

- Piano • Keyboard • Kyrkjeorgel • Hardingfele • Langeleik (*undervisning Bagn, onsdag*) • Fiolin • Gitar • Bassgitar • Ukulele • Popsong/band/samspel • Slagverk • Tradisjonssong, einetime og gruppe • Kunstfag • Torader (*undervisning på Fagernes*) • Stepping (*undervisning Bagn, måndag kl. 17*)

Andre tilbud

Teorikurs, enkel musikkforståing for nybyrjarar, elevar og foreldre.

Valdresstrykerne, samspel/orkestre på fleire nivå ope for alle strykeelevar i Valdres. Øvingar på Fagernes.

FolkemusikkUNG, ekstra gratistilbod til folkemusikk-elevar. Samlingar på Valdres folkemuseum ein gong i månaden og enkelte laurdagar. Sjå FB-sida for datoar.

Individuell instrumentopplæring for voksne. (*Dersom det er leidige plassar.*)

Kor og korps

Koret og korpset i Etnedal er for ungdom og voksne, og dei er ein del av kulturskulen. Ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å vera med:

Bruflat songkor Kontaktperson Hege Rotnes Tlf 469 65 670 Øving er tysdagar på skulen.

Bruflat musikklag Dirigent Lars Erik Haugerud Kontaktperson Åge Kleven Tlf 957 97 299 Øving er tysdagar på Moajordet.

